GROSTØL

Høgdemeter over havet : Omlag 668 m

Lengde: Ca 5 km

Tid: 1- 1 ½ time frå Nesheim

Gradering: Middels tung

Vegskildring: Ta av frå Fylkesveg 13 i Øvre Granvin, og ta deretter til høgre mot Nesheim. Køyr 2,5 km, til der vegen er på det høgaste på Nesheim. På høgre side av vegen er det skilta mot Nesheimshorgi på ein skogsveg. Det er denne du skal følgje. Det er litt trongt å parkere akkurat der, men betre nett eit par meter lenger fram. Etter ca. 200 meter på skogsvegen deler den seg, følg vegen vidare oppover. Du kjem her til *Brunabekken*. Etter ca. 30 minutt er det eit vegskilje og her heiter det *Øyestøl*, som tidlegare var ein vårstøl. Vegen mot venstre endar på garden Bilde. Du skal følgje vegen til høgre. Etter kvart går skogsvegen over til merka sti oppover til Grostøl. Når du kjem til *Langhamrane* ser du ei grind og her går du inn i vårtræet til Taskjelle og Bilde. *Sigridslåtto* er ein fin skråning i terrenget. Det neste du kjem til er *Dansehaug* og her pleide dei danse midt innpå hagen til Bilde og Taskjelle. Til slutt kjem du opp til dei brattaste stigningane, *Gjenstigane*, og her er det også ei grind. Turkassa heng på den raude stølen heilt øvst.

Alternativ 1: Køyr nesten heilt fram til garden Bilde. På venstre side av vegen, rett før toppen går det ein skogsveg på venstre side av vegen. Følg skogsvegen oppover, og deretter opp skogen til du kjem til Grostøl. Følg merkinga.

Alternativ 2: Høgde- Grostøl Køyr forbi Havås på Krokavassvegen til Høgde (bomveg 60 kr). Parker bilen her. Følg stien til Håtjørn mot Nesheimshorgi. Stien er godt merka med raudt og er lett å gå, men noko myrete. Ved enden av Håtjern er det merka med skilt til Nesheim og vidare til Grostøl. Her står det og ein turbenk som turlaget har sett ut. Dette er ei lett rute som tar berre 30 min.

Alternativ 3; Skålsete- Grostøl: Du køyrer til Havås og vidare på Krokavassvegen ca 2,5 km, ta av til høgre når du ser eit skilt som det står Skålsete på. Stien startar ved stølshuset på Skålsete.
Før Krokavassvegen kom på -70 og -80 talet var det denne stien som vart mykje nytta for dei som skulle til Nesheimshorgi. Dette er ein lett tur som tek ca. 1 time å gå til Grostøl.

Du kjem først til ein liten bekk, og der er det skilta til Høgde og til Håtjørn. Du skal ta vegen til Håtjørn.
Det er lett stigning heile vegen frå Skålsete til Håtjørn, og du går i flott bjørkeskog med fleire fine utkikkspunkt. For dei som likar å gå på ein tørr sti er denne stien å anbefale. Ved turbenken på Håtjørn er det skilta og merka vidare til Grostøl.

Turtips:

1.Rundtur: Høgde - Håtjørn - Grostøl - Håtjørn - Skålsete - Høgde.

2.Gå frå Grostøl og vidare opp til Horganipen på svartmerka løype- bratt. Herifrå kan du gå vidare på raudmerka løype over til Nesheimshorgi og ned Nautastien som ein runde.

GOD TUR!